

Astrid Seime
Suhmsgate 20 c
0362 OSLO

Oslo, 15. august 2011

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua,
0301 OSLO

Høyringsuttale i samband med søknad om konsesjon til vasskraftutbygging av Storelva i Gloppen kommune

Fornybar energi kan vere eit positivt tilskot til kraftmarknaden, men dei utbyggingsalternativa som vert lagt fram av Breim Kraft AS for ei utbygging av kraftverk i Storelva (Breimselva) i Breim vil vere ei irriversibel øydelegging av ei elv av nasjonal verdi. Utbygging vil ha store konsekvensar for levemiljø, landskap og ikkje minst fiske og friluftsmoglegheitar i bygda Breim.

Landskapsverdiar og identiteten til bygda Breim

Utbyggar skriv at planområdet allereie er sterkt påverka av vegar. Dette stemmer for landbruksområdet som ligg langs elva mot elvosen. Sjølve elva er like fullt ein landskapsmarkør i Breimsdalen der den slyngar seg nedover mot vatnet. Elvosen nedanfor Seime bru er eit fiskerikt område med elvedelta. Området innanfor Seime/Lindvika vil bli sterkt berørt av inngrepa og skape store sår i landskapet. Seimestranda er eit viktig friluft- og rekreasjonsområde.

Landskapet er viktig for identiteten til folk. Dei siste åra har det vore ein stor satsing på bygdeutvikling gjennom ulike bolystprosjekt med statleg støtte. Eit av dei viktigaste måla for desse prosjekta er å skape stoltheit for eiga bygd og det å finne fram til det som kan vere med å markere bygda. Landskapet med Storelva si elvemunning og deltaet er ein viktig del av landskapet på Reed, som er med på å kjenneteikne og skape identitet for bygda Breim.

Trivsel og stoltheit for bygda Breim har gjennom oppveksten gjeve meg ein identitet og gjer at det er ein stad eg ønskjer å flytte tilbake til. Ta vare på identiteten til bygda, og sjå dei moglegheitane som ligg i næringsutvikling, turisme og ikkje minst trivsel for bygdefolket. Stoltheit og moglegheitar i bygda er med på å skape *bulyst og trivsel*. Rasering av viktige landsskapsmarkørar vil gjere tilflytting til bygda mindre attraktivt.

Næringsutvikling

Verdiskpinga i byggeperioden er gjerne tidsavgrensa og varige arbeidsplassar er omlag fråværande. Busetjinga er ikkje sikra med vasskraftutbygging, men kan derimot føre til at inntekta utan at ein nødvendigvis er til stade gjer at folk flyttar frå distrikta. Om sjølve drifta av garden i framtida ikkje er lønnsam er det lite truleg at grunneigarar vel å oppretthalde denne delen av gardsdrifta når dei i staden kan tene pengar på kratverk. Ein kan risikerer ein situasjon der få kan tene store pengar på vasskraft, mens resten av bygda sit att med ein rasert natur og eit redusert grunnlag for inntekter knytta til friluftsliv og reiselivsnæring.

Produksjon av fornybar energi er viktig, men Noreg produserar meir straum en landets befolkning forbrukar. Ein må sjå verdiane opp mot kvarandre og den inntekta nokre få vil nyte godt av vil kunne få store konsekvensar for anna bærekraftig og verdifull distriktsutvikling i Breim i framtida.

Eg meiner bidraga frå produksjonen ikkje vil kunne stå i forhold til inngrepa ei slik utbygging vil føre med seg.

Reiseliv

Landskap og landsskapselement er viktig for at turistar skal vitje området. Storelva er nettopp eit slikt landskapselement. Moglegheitane for fiske er gode og vert nytta av mange, elva vert brukt til rafting og er elles eit viktig landskapselement for den verdien natur og miljø har for turistar som skal vitje Sogn og Fjordane og bygda Breim.

Fleire alternativ må utgreiast

Utbyggjar legg i realiteten fram berre eit alternativ. Det må gjerast utgreiingar der ein ser på alternativ utbygging lenger oppe i elva som ikkje vil skape så store øydeleggingar. Eg stiller meg svært kritisk til at dette ikkje er gjennomført. Vassdraget med ørret- og storaurebestad har stor verdi for, og det bør òg stillast strengare krav til undersøkingar rundt gyteforhold til fisken i elvosen og andre stader i elva. Det er heller ikkje blitt gjort undersøkingar rundt konsekvensane av deponering av store steinmassene frå ein tunnell. Seimestranda er eit viktig rekreasjonsområde, det er godt synleg frå riksvegen og her er eit fugleliv det er viktig å ta vare på.

Ei utbygging av vasskraft med dei to framlagde alternativa vil føre til tap av naturmangfald, viktig friluftsområde og eit landskapsområde av stor verdi. Elvosen og området innanfor Seime er eit unikt friluftsområde med stor verdi for både meg og andre. Det er her vi nyt livet og dette er eit av dei områda som skapar trivsel og glede.

Astrid Seime, Oslo/Breim
